

Innleiing

Styret legg med dette fram Årsberetningen for driftsåret 2024.

Styrets samansettning

Styret har i driftsåret bestått av:

Leiar:	Tone Nygård
Nestleiar:	Unn Sara Spissøy
Sekreter:	Unn Sara Spissøy
Økonomiansvarleg:	Kari Tysnes Kjos
Styremedlemer:	May Britt Larsen og Helen Skaten Hystad
Varamedlemer:	Berit Bergsvåg og Nils Vestbøstad

Andre tillitsvalgte

Tur- og aktivitetskomite:

Leiar:	Mariann Veivåg Helseth
Medlem:	Berit Bergsvåg

Revisjon:

Revisor:	Annlaug Bjelland Eide
Vararevisor:	Endre J. Solheim

Valkomite:

Leiar:	Kjell Egil Hollund
Medlem:	Lillian Nordhus
Medlem:	Olav Håvardsholm

Representasjon

3.-4. juni var Tone Nygård på Landsmøte der Handlingsplanen for perioden 2024-2027 vart godkjent.

Styremøter

Styret har i løpet av driftsåret avvikla 7 styremøter. Ny stad for styremøter er Kaffe & Kafe` på Heiane Storsenter. 1 arbeidsmøte på Distribusjonssentralen på Heiane.

Andre møter

Årsmøtet 2023 vart halde i Solidhuset, Sagvåg 21.02.2024.

Det møtte 28 medlemer som leiar Tone Nygård kunne ynskja velkomne.

Før Årsmøtet vart sett, fekk vi servert velsmakande betasuppe, kaffi og kringle.

Etter matøkta fekk Kjellaug K. Jota frå Postens pensjonistforbund ordet. Me fekk innblikk i saker organisasjonen er engasjert i. Kjellaug heldt og eit engasjerande foredrag om pensjonistar sin situasjon og rolle i samfunnet. Gode tibakemeldingar på foredraget.

Både årsmeldinga og rekneskapet vart samråystes godkjent.

Til å skrive under protokollen vart May Britt Larsen og Gerd Røvde valt.

Det var komen inn forslag frå Kjell Egil Hollund. Forslaget vart godkjent av Årsmøtet.

Mikal Saltvik og Svein Onarheim fekk blomehelsing. Takk for framifrå innsats, Mikal i styret og Svein i valkommiteèn.

Aktiviteter i avdelingen

Vi har i løpet av året hatt følgjande aktivitetar:

Kafe`treff

I 2024 endra me treffstad frå Hageruphuset til Kjøkken & Kaffe på Heiane Storsenter.

18. januar 2024 var første gong me møttest til kaffetreff. Trivelig møtestad, og plass til enda fleire., Fortsatt den 3. torsdagen i mnd.

Turar

TUR TIL RHINDALEN 1.-5. SEPTEMBER 2024.

Turen var arrangert av Dag Aasbø Travel. 13 personane i postpensjonistgruppa fekk fine turopplevelingar saman med resten av gruppa på 37 personar som og reiste med Dag Aasbø Travel, mest pensjonistar frå Vestland.

Fly til Frankfurt og buss til Rudesheim, hotel Felsenkeller. Fin variasjon i fellesturar langs begge sider av Rhinen, langs Mosel og den kjente Lorely-klippen. Stopp i gamle småbyar med byvandring i gamlebyen. Det vart ein god erfaring å reise med Dag Aasbø Travel. Turdeltakarane sette pris på dyktig turleiar, variasjon mellom fellesturar og tid på eiga hand, og kunne bu på same hotel 4 netter.

JULEMØTET

Samkoma var i år på Stord Hotell 04.12.2024. 43 postpensjonistar kunne nyte god julemiddag og eit triveleg bordsete. Loddsaled og dessert flytta me i år til baren/sittegruppe, det vart god stemning og folk fekk betre tid til å prate etter at programmet var over. Mariann orienterte om planlagt turar i 2025. Både til Tromsø og til Liverpool, fint å ha noko å sjå fram til. Også i år sendte styret julehelsing med sjokolade til dei som ikkje var på julemøtet.

Medlemmer

Ved utgangen av året har avdelingen **96** medlemmer.

Laget har fått 7 nye medlemer i 2024. 6 medlemer har meldt seg ut.

Kommunikasjon med medlemmene

Avdelinga si nettside – www.postpensjonistene.no/Sunnhordland - er avdelinga si hovedside i kommunikasjonen med medlemmene. Her finn du nyheter, dokumenter og anna informasjon om Postpensjonistane i Sunnhordland. Unn Sara Spissøy skriv og vedlikeheld sida.

Medlemenes e-postadresser er viktig i kommunikasjonen til/fra medlemmene. For å forenkle styrets arbeid er det viktig at flest mogeleg medlemer har ei aktiv e-postadresse.

Økonomi

Avdelingens sin økonomi ser me på som god . Viktige bidrag til den gode økonomien er tilskot frå Postens Penskonistforbund, tilskot frå «Onkelfondet» og Grasrotandelen.

Styret viser ellers til det reviderte rekneskapet.

Sluttkommentar

Me i styret takkar for tilliten og til alle som har bidratt i ymse verv i driftsåret som er gått. Me takkar og distribusjonsentralen på Heiane for lån av lokale til arbeidsmøtet vårt før jul.

Tone Nygård Leiar	May Britt Larsen styremedlem	Kari Tysnes Kjos økonomiansvarleg
----------------------	---------------------------------	--------------------------------------

Helen Skaten Hystad Styremedlem	Unn Sara Spissøy Nestleiar/sekreter	Berit Bergsvåg varamedlem
------------------------------------	--	------------------------------

Nils Vestbøstad
varamedlem

